

Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 13/6904-12

## Førdepakken - Mandat for styringsgruppe og eigarskap til vegprosjekt

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet godkjenner følgjande mandat for styringsgruppa i Førdepakken:
  1. Styringsgruppa skal arbeide for framdrift, gjennomføring og tilstrekkeleg finansiering for alle prosjekta i Førdepakken i samsvar med vedteken Stortingsproposisjon.
  2. Fram til Stortingsproposisjon er vedteken gjeld bompengesøknaden og dei vedtak som er gjort i Statens vegvesen, Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.
  3. Det enkelte medlem i styringsgruppa er ansvarleg for naudsynt avklaring i eigen organisasjon ved vesentlege endringar i prioriteringar, finansiering og gjennomføring.
  4. Styringsgruppa skal rapportere om framdrift, gjennomføring og finansiering til Førde kommune, formannskapet, Sogn og Fjordane fylkeskommune, fylkesutvalet og Statens vegvesen ved kvart årsskifte fram til Førdepakken er avslutta.
2. Eigarstatus for dei uavklarte vegprosjekta i Førdepakken skal vere følgjande:
  - a) Angedalsvegen – Hafstadvegen (Hafstad bydel) skal ha status som fylkesveg
  - b) Indre Øyrane – Langebruvegen (til lyskryss) skal ha status som kommunal veg
  - c) Halbrendesøyra – Øyrane skal ha status som fylkesveg

#### Vedlegg:

Notat frå Statens vegvesen - Eigarskap til nye veglenker i Førdepakken, datert 25.3.2014

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

FT-sak 43/13 Førdepakken - godkjenning av bompengesøknad

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Fylkestinget behandla 10.12.2013 FT-sak 43/13 Førdepakken, godkjenning av bompengesøknad. Under pkt. 8 og 9 vedtok fylkestinget følgjande:

*8. Fylkestinget ber om at det vert oppretta ei styringsgruppe for gjennomføring av Førdepakken med administrativ deltaking frå fylkeskommunen, Førde kommune og Statens vegvesen. Mandatet for styringsgruppa vert lagt fram for fylkesutvalet for godkjenning.*

*9. Fylkesutvalet får fullmakt til å avtale eigarskap til dei 3 prosjekta som førebels har uavklart eigarskap i Førdepakken.*

I denne saka vert mandatet for styringsgruppa i Førdepakken og eigarskapen til dei tre vegprosjekta lagt fram for fylkesutvalet for godkjenning.

## **2. Mandat for styringsgruppa i Førdepakken**

Styringsgruppa for Førdepakken er:

- Nils Magne Slinde, Statens vegvesen (leiar)
- Tore Eriksen, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Ole John Østenstad, Førde kommune

Styreleiar i Førdepakken bomselskap er Oddvar Flæte. Flæte møter i styringsgruppa ved behov.

Styringsgruppa hadde sitt første møte 7. mars 2014. Mandatet for styringsgruppa vart drøfta i møtet. Det var einigheit om følgjande mandat:

1. Styringsgruppa skal arbeide for framdrift, gjennomføring og tilstrekkeleg finansiering for alle prosjekta i Førdepakken i samsvar med vedteken Stortingsproposisjon.
2. Fram til Stortingsproposisjon er vedteken gjeld bompengesøknaden og dei vedtak som er gjort i Statens vegvesen, Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.
3. Det enkelte medlem i styringsgruppa er ansvarleg for naudsynt avklaring i eigen organisasjon ved vesentlege endringar i prioriteringar, finansiering og gjennomføring.
4. Styringsgruppa skal rapportere om framdrift, gjennomføring og finansiering til Førde kommune, formannskapet, Sogn og Fjordane fylkeskommune, fylkesutvalet og Statens vegvesen ved kvart årsskifte fram til Førdepakken er avslutta.

## **3. Eigarskap i vegprosjekta i Førdepakken**

I FT-sak 43/13 Førdepakken - godkjenning av bompengesøknad var det 3 prosjekt som førebels hadde uavklart eigarskap. Dette var følgjande veglenker:

- Angedalsvegen – Hafstadvegen (Hafstad bydel)
- Indre Øyrane – Langebruvegen (til lyskryss)
- Halbrendsøyra - Øyrane

Alle desse er nye veglenker i Førde, og bidreg til å legge til rette for fortetting og utbygging av nye område i Førde sentrum, samt avlaste trafikken på rv. 5 og E39 og fylkesveg 481. Det er i hovudsak spørsmål om det skal vere fylkeskommunalt eller kommunalt eigarskap til desse vegane. Fylkesrådmannen har lagt til grunn at vegeigar for dei førebels uavklarte prosjekta blir vurdert i høve til retningsliner for funksjonsklasseinndeling av vegnettet, slik dette er definert i Regional transportplan, og at dette blir avklart tidleg våren 2014.

Fylkesrådmannen og rådmannen i Førde kommune har diskutert saka og kome fram til ei tilråding i samarbeid med Statens vegvesen, jf. vedlegg. Det var einigheit om å legge til grunn eit prinsipp om at samleveggar utan direkte tilkomst til eigedomane skal vera fylkesveg, medan andre lokalveggar og tilkomstveggar skal vera kommunale.

Eigarskap til vegprosjekta er først og fremst viktig med omsyn til framtidig ansvar for drift og vedlikehald.

Angedalsvegen – Hafstadvegen (Hafstad bydel)

Ny veg frå Angedalsvegen (fv. 481) til Hafstadvegen (E39) har førsteprioritet i Førdepakken. Statens vegvesen har stilt krav om at denne veglenka må byggjast for at kommunen skal kunne bygge ut og utvikle Hafstad bydel i tråd med vedtekne planar. Dette for å hindre auka kapasitetsutfordring i dagens kryss på rv. 5 og E39 i sentrum. Veggen vil verke avlastande for trafikken på E39 og rv. 5, samt fv. 481. Ein del av trafikken til/frå Førde sentrum frå vest vil truleg nytte denne veggen som tilkomst til sentrum. Den er planlagt bygd som samleveg utan direkte tilkomst til enkelteigedomar. Det vert tilrådd at denne veglenka får status som fylkesveg.

Veg gjennom Hafstad bydel vil verte ein veg med viktig lokal, men med noko regional funksjon, sjølv om bakgrunnen for å bygge den er høvet til å etablere og utvikle ein ny bydel nær Førde sentrum. Den vil ha funksjon som tilkomst til Førde sentrum i tillegg til lokal funksjon med tilkomst til Hafstad bydel. Såleis vil den høyre heime i funksjonsklasse D – lokal samleveg. Frå tidlegare er fv. 481 frå Storehagen til Slåtten og fv. 484 frå Hafstad til Prestefoss bru tilrådd i funksjonsklasse C – lokale hovudvegar. Desse vegane gir tilkomst til Sentralsjukehuset.

Indre Øyrane – Langebruvegen (til lyskryss)

Ny veg over Indre Øyrane er prioritert på 12. plass i Førdepakken. Det er stilt krav om ny veg over Indre Øyrane dersom kommunen skal få til fortetting og utbygging i dette området. Dette for at ikkje belastninga i kryssa på rv. 5 skal auke ytterlegare. Veggen vil primært ha lokal funksjon med tilkomst til eigedomar på strekninga. Det blir tilrådd at denne blir kommunal veg.

Halbrendøyra – Øyrane

Denne vegstrekninga ligg langt nede på prioriteringslista i Førdepakken. Den vil ikkje løyse ut nye utbyggingsområde i sentrum, men vil verke avlastande på dagens E39, rv. 5 og fv. 609. Det vert tilrådd at veggen får status som fylkesveg. I praksis vil dette bety at fv. 609 frå Askvoll til Førde blir lagt om slik at den vil gå over Øyrane til kryss med rv. 5 i staden for til E39. Til gjengjeld vil ein del av dagens fv. 609 på Halbrendøyra bli omklassifisert til kommunal veg. Fv. 609 er tidlegare føreslegen i funksjonsklasse B – regionale hovudvegar ut frå sin funksjon som hovudveg til Askvoll og vidare sørover til Fjaler og Hyllestad.

**4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet godkjenner mandatet for styringsgruppa i Førdepakken.

Fylkesrådmannen tilrår vidare at fylkesutvalet sluttar seg til at prosjekta Angedalsvegen – Hafstadvegen (Hafstad bydel) og Halbrendøyra – Øyrane skal ha status som fylkesveg og at prosjektet Indre Øyrane – Langebruvegen (til lyskryss) skal ha status som kommunal veg.